

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Handeland	FE-033	23/107

Saksnr	Utval	Type	Dato
012/23	Kommunestyret	PS	23.02.2023

Eventuelt

Saksutgreiing:

Forslag til vedtak:

Kommunestyret - 012/23

K - behandling:

Forslag frå Bjørn Solbakk (Frp)
Sosialiseringsgård til hunder.

I kommunen vår er det mange innbyggjara som har hund. Hunder har behov for å vere i aktivitet og dei treng å sosialisera med andre hunder. Ikkje alle har mulighet til å la hunden springe fritt i hagen eller ute på ein gårdsplass. For at hundane skal få ein mulighet til å vere saman med andre hunder i sosialisering og leik, er det derfor behov for eit inngjerda område her i kommunen. Eg har sett på eit område som eg trur kan passe godt til dette. Området er nordre del av fotballbana der tidlegare skaterampe var. Eg har forstått det slik at det kan kome andre planar om bruk av dette området. Mitt forslag er meint som eit midlertidig tilbud til eventuelt plan for anna bruk av området blir iverksett. Halve området er allereide inngjerda, så då trengst det ca berre 50m med nytt gjerde og ein port. Sidan det er eit kommunalt område, ønsker eg at administrasjonen skal sjå på muligheten for å få dette til, innhente pris og utarbeide ein sak inn til kommunestyre

Kommunedirektøren orienterte om den juridiske betraktning frå KS om nøkkel ordning i symjehallen.

K - vedtak:

Det vart ikkje fatta vedtak.